



Dyra sviktar aldri hos Arnardo

Uskedalen er tradisjonelt ein god spelestad for Cirkus Arnardo, men det er i vårsesongen. Denne gongen kom Norges aldri sviktande toppsirkus til bygda på haustparten og etter fyrste framsyning i ettermiddag er vi noko i tvil. Kvinnheringane er truleg meir svoltne på sirkus om våren.

Det var truleg ikkje fleire enn 500-600 i teltet denne gongen, men ein bør gjera fråtrekk for det svært varme veret som nok påverka frammetet. En fekk verkeleg sveite ut i teltet. I morgon ettermiddag kjem det nok uansett fleire til Rabben.



Opninga med den kvite hesten er ein sikker vinnar

Så til sjølve prestasjonane. Etter å ha sett Arnardo sidan starten i 1949 vert hovudkonklusjonen vår at dette var Arnardo på det jamne og utan rosinen i pølsa. Berre eit nummer var friskt og originalt og vi siktar til duekviskaren Andrejs Fjodorovs. Ingen av numra som gjekkk føre seg mllom himmel og jord skilte seg frå det reativt ordinære.

Men vi kan ikkje vera anna enn imponerte over ein sirkusfamilie som no held det gåande i fjerde generasjon med illusjonar og dyr. Are og Paolina er like problematiske å avsløra som generasjonane før men det må jo erkjennast at Kong Arne og kona låg eit hakk over - minst. Dei hadde også eit langt større register å spela på. Den neste generasjon som no er å finna i manesjen viser lovande takter.

Når det gjeld dyr sviktar Arnardo aldri, men denne gongen var kamelnummeret i starten i slakkaste laget. Elefanten Baby er alltid like sjarmerande og imponerande. Puddelnummeret til Duo Rivoli må også få godkjend karakter i likheit med publikumsfrieriet og klovnane generelt. Når vi også tek med åttemannsorkesteret styrkar det konklusjonen om 'midt på treeet'. Men vi sakna altså ein rosin og gjerne då ein med eit dramatisk innhald.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



[Vi synes best om duekviskaren](#)